

UBBHT z

SVENSKA LANDSMÅL  
OCH  
SVENSKT FOLKLIV 2009

*Tidskrift grundad 1878 av J. A. Lundell*

*Utgiven av*

KUNGL. GUSTAV ADOLFS AKADEMIEN FÖR SVENSK FOLKKULTUR, UPPSALA

*Redaktör:*

MAJ REINHAMMAR

*Redaktionssekreterare:*

GERD EKLUND

*Redaktionsråd:*

LARS-ERIK EDLUND, LENNART ELMEVIK, BENGT AF KLINTBERG,  
LARS-GUNNAR LARSSON, BIRGITTA SKARIN FRYKMAN och MATS  
THELANDER

Kungl. Gustav Adolfs Akademien/Swedish Science Press

# Om vokalharmoni i nordisk språkhistorie

Av Jan Ragnar Hagland

Fenomenet vokalharmoni ser ut til å ha vore eit tydeleg drag ved delar av fastlands-skandinavisk språk i høgmellomalderen – i det som har vore omtala som «sikker skrifttid» frå det 12. til det 14. hundreåret i alle fall. Dette var eit sentralskandinavisk fenomen. I norsk var

[s]entralområdene for vokalharmonien (-) Østlandet og Trøndelag med utløpere nordover og til Nord-Vestlandet. I dette store området er det selvsagt både lokale, temporære og individuelle variasjoner, men stort sett er systemet slik at endingsvokalene *e* og *o* følger etter trykksterke stavelser med kort og lang *a*, *e*, *o*, *ø* og *æ*, mens *i* og *u* følger etter kort og lang *i*, *u*, *y*, diftongene *au*, *ei*, *øy* og kort *ø*. Dette systemet kan følges fra eldste skrifttid og et godt stykke inn i 1300-tallet som en slags norm. Henimot slutten av hundreåret inntreier en jevn tilbakegang med stadig flere unntak fra regelen, men ennå noen årtier inn i 1400-tallet kan en iakttå tydelige rester av harmonisystemet (Hødnebø 1977 s. 379, jf. òg Hagland 2004 s. 389–391).

I språkhistorisk samanheng er det ikkje utan interesse å vita om og eventuelt korleis dette systemet har verka vidare framover i tida.

Eit viktig spørsmål i første omgang er då korleis det vi kallar vokalharmoni i gammalt norsk mål, kan forståast som språkleg fenomen. Hødnebø (op. cit.) set vokalharmoni og fenomenet vokalbalanse opp mot kvarandre som

to diametralt motsatte systemer, det ene bygd på *lydkvaliteter*, det andre på stavelsen som *kvantitet*, de står i kontrast til hverandre og konkurrerer om overtaket på det same endingsapparat. Det er lite trolig at begge systemene kan fungere side om side, men nok krysse hverandre i en overgangsperiode, og slik at et substrat eller fastgrodde rester av ett system kan identifiseres etter at det har opphørt å virke (Hødnebø 1977 s. 382).

Eit viktig spørsmål i nett den samanhengen er om *a/æ* i trykklett stilling også har veksla i samsvar med vokalharmoniprinsippet i norsk, slik ein del forskarar har meint (jf. loc. cit.). Det er nok slik, som òg Hødnebø framhevar, at det er vanskeleg å påvisa gode og sikre spor etter vokalharmonisk distribusjon av trykklett *a/æ*, og at vekslinga desse vokalane imellom først vart tydeleg i skrift då slik veksling oppstod som resultat av ulik stavingskvantitet i trykksterk stilling, slik at kort staving gav ending på *-a*, medan lang staving førte til *-æ*, som i *taka*, *vera*, men *hæyræ*, *sendæ* m. v. (Hødnebø 1977 s. 382).

I det Hødnebø her ser på som to diametralt motsette system – distribusjon avhengig av vokalkvalitet i motsetnad til stavingskvantitet – meiner eg likevel det ligg eit problem. Det gjeld i alle fall veksling mellom trykklett *i/e* og *u/o* på den eine sida og *a/æ* på den andre. Dette er fonologisk sett to ulike prosessar. Den første må sjåast som resultat av ein assimilasjonsprosess som har med faktoren [+/-høg] å gjera, om vi vel ein slik notasjon. Den andre er derimot veksling som dreiar seg om faktoren [+/-fremre], eller [bakre] for den del (jf. Hødnebø 1977 s. 380). I ein artikkel frå 1978 (Hagland 1978) har eg freista å gjera greie for det som tradisjonelt har vore kalla vokalharmoni i gammalt norsk språk. Jamvel om det som der er lagt fram, er gjort med si tids terminologi og syn for analyse, meiner eg at det så nokolunde kan halda vatn endå i dag. Grovt sett er det i den vesle studien (som i hovudsak byggjer på gammaltrøndersk datatilfang) skilt mellom eigentleg vokalharmoni (VH) og det som berre tilsynelatande er VH, men som snarare må sjåast som former for vokalreduksjon (VR) (Hagland 1978 s. 145). Det som då kan kallast VH, er, mykje i tråd med det Hødnebø seier, ein fjernassimilasjon som altså dreiar seg om vokalkvalitet og gjeld høge og midtre vokalar i systemet, både trykksterke og trykklette. Dei høge trykksterke vokalaner genererer då høge vokalar i trykklett stilling, dei midtre genererer midtre vokalar i slik stilling. Problemet det tradisjonelt hadde vore vanskeleg å gi ei rimeleg forklaring på, var distribusjonen av trykklette vokalar etter låge vokalar, det vil seia kort og lang */a/*, kort og lang */æ/*, til dels også kort *u*-omlydd */a/* (*ø*).

Ved gjennomgang av eit større materiale viste det seg at det ved dei korte vokalaner i trykksterk stilling ikkje synest å ha skjedd nokon assimilasjon når det var minst ein felles faktor mellom vokalen i trykksterk stilling og den trykklette vokalen. Det vil seia at det etter *a* (og *ø*) følgjer *u*, og etter *i*-omlydd av kort */a/* (*æ*) følgjer *i*. Men om vi kryssar systemet slik at det ikkje vert nokon felles faktor trykksterk og trykklett vokal imellom, får vi *e* etter *a* (og *ø*) og *o* etter *i*-omlydd kort */a/* (*æ*). I det første tilfellet kan vi då meina at avstanden mellom vokal i trykksterk og trykklett stilling er for stor til at assimilasjon kunne skje, og ein underliggjande */u/* og */i/* vart verande upåverka og realisert som *u* og *i* i skrift. I det siste tilfellet, utan nokon felles fonologisk faktor mellom vokalen i trykksterk og trykksvak stilling, vart avstanden så stor at det vart ei form for reduksjon av den underliggjande trykklette vokalen, snarare enn ein assimilasjon, og endingsvokalaner vart senka (reduserete) til *e* og *o* (sjå òg Hagland 1980 s. 105–107 om dette). Når det gjeld trykksterk opphavleg *i*-omlydd kort */a/* synest distribusjonen å ha vore etymologisk og uavhengig av om denne vart skriven *æ* eller *e* (jf. Hagland 1978 note 1).

Ved lang vokal skjedde det reduksjon i alle tilfelle, slik at dei ikkje-låge endingsvokalaner då alltid vart skrivne *e* og *o*. Dette kan i og for seg like gjerne sjåast som eit vokalbalansefenomen ettersom stavinga jo alltid vil vera lang i slike tilfelle. I så måte lyt då både vokalharmoni og vokalbalanse ha

verka side om side i eit system som berre tilsynelatande var eit assimilasjonsfenomen som utelukkande dreia seg om vokalkvalitet. Distribusjonen *a/æ* i trykklett posisjon fell jo utanom mønsteret for dei høge og midtre endingsvokalane, men forholdet kring desse ikkje-låge trykklette vokalane opphevar etter mitt syn langt på veg Hødnebøs oppfatning om at dei to systema – vokalharmoni og vokalbalanse – ikkje kan ha fungert side om side. Det synest likevel å ha vore eit historisk forløp der balanseprinsippet etter kvart har gjort seg meir gjeldande innom det sentralskandinaviske området Hødnebø gir omrisset av i sin artikkel, slik at veksling mellom *a* og *æ* ikkje viser seg tydeleg i skrift før relativt seint i norsk, f.o.m. ca. 1300 etter kjeldene å dømma (jf. Hødnebø 1977 s. 382).

Som Hødnebø peikar på i sitatet ovanfor, har det vore vanleg oppfatning at tydelege restar av VH enno kan sjåast i kjeldene eit godt stykke inn på 1400-talet. Biletet av stoda kan likevel ofte vera lite klårt på nett dette punktet, ettersom det t.d. er svært vanleg i seinmellomalderleg skrift at endingsvokalane er løynde i avstytt skrivesmåtar, så vi ikkje så heilt sikkert kan vita korleis skrivarane ville ha gjort det om dei aktuelle vokalane hadde vore skrivne fullt ut (jf. Hagland 2006 s. 86). Det vil såleis vera nokså usikkert å byggja på samtidige skriftlege kjelder ut gjennom sein-mellomalderen om vi skal prøva å få eit inntrykk av korleis det gjekk med vokalharmonien i dei delane av norsk (og nordisk) språkhistorie der det er aktuelt.

Metodisk sett vil likevel jamføring med drag i språket i nyare tid ofte kunna kasta reelt lys over tilsvarende drag i språket frå eldre tider. Spørsmålet er då om vokalharmoni er eit slik drag. Frå Trøndelag, som jo er eitt av dei sentrale VH-områda i norsk samanheng, har det i over hundre år no vore hevda at vokalharmoni endå så langt fram i tid som til byrjinga av 1900-talet var ein aktiv del av språket. Hægstad undersøkte såleis dialekten i Stod, som ligg på bae sider langs nedre del av Snåsavatnet,<sup>1</sup> rett nord for Steinkjer i Nord-Trøndelag, og kom til «at vokalharmoni eller ljodsamhøve enno liver og verkar i Stodmaalet» (Hægstad 1908 s. 141).

Hægstad (1908 s. 135) set opp sju ulike grammatiske former av substantiv og verb for å visa korleis VH fungerte i stodmålet ved inngangen til det 20. hundreåret:

1. Nominativ sg. av sterke neutra (i bunden form), som i: *hu:s`i ~ å:r`e*.<sup>2</sup>
2. Dativ sg. av sterke neutra, som i: *hu:s`i ~ å:r`e*.
3. Nominativ sg. av linne substantiv i bunden og ubunden form, som i: *għuggi, għuggin ~ fjo:le, ~ fjo:len*.
4. Nominativ pl. av sterke femininer, ubunden og bunden form, som i: *stunŋi, stunŋin ~ ro:se, ro:sen*. Jamvel nokre maskuliner er rekna inn her, som i: *gri:si, gri:sin ~ venne, vennen*.

<sup>1</sup> Før 1965: Stod og Kvam.

<sup>2</sup> Attgjeve her med litt enklare lydskrift enn det Hægstad gjer.

5. Presens indikativ av linne verb, som i: *kvi:li, heiti ~ feste, dömme*.
6. Pret. partisipp av sterke verb, som i: *bunni, riði ~ broste, dotte*.
7. Visse suffiks *-ill, -eng* m.fl.

Hægstad gir eit vesentleg større utval av døme enn dette på noko som kan synast å liggja svært nært det vokalharmonisystemet vi kjenner frå trøndersk høgmellomalderleg skrift. Og det kan langt på veg sjå ut til å ha fungert synkront i og med at harmonien kan synast å vera tilpassa språkhistorisk endring av vokalismen i trykksterk stilling, som når gno. *skinit* (n. nom. sg. bf.) har vorte til *šænn'e, vitit* (n. nom. sg. bf.) til *vætt'e, lutir* (m. nom. pl.) til *låt-te* og partisippformene *leget* og *loget* har vorte til *liđđi* og *lyđđi* m. v. Endingsvokal *-i* som avvik frå dette mønsteret, kan, seier Hægstad, jamnast tilskrivast kontekst med føregåande palatal konsonant, eller lang /b/ og /g/ («som ogso kanskje hev vore uttala palatalt i eldre tider» (Hægstad 1908 s. 137)). I eit palataliserande målføre som dette inn-trønderske vil slike faktorar i så fall ha utgjort ei sterk motkraft i høve til vokalharmonisk distribusjon av trykklette vokalar og såleis også av grammatikalske endingar. Elles er det med grunnlag i det framlagde materialet vanskeleg å sjå at dei suffiks Hægstad meiner har hatt vokalharmonisk veksling, verkeleg kan seiast å ha hatt dét i stodmålet først på 1900-talet.

Liksom i store delar elles av det trønderske dialektområdet syner svake hokjønnsord av jamvektskategorien («gamle stutte tvostava feminin») spor av vokalharmoni (Hægstad 1908 s. 140–141). Det er nok, både i stodmålet og elles, helst tale om «restar av vokalharmoni» slik Dalen (2008 s. 29) uttrykkjer det. Det vil her seia at i ord som i gammalnorsk hadde *i, u, y* og *a* i rotstavinga har ending med *-u*, medan det etter dei som hadde *e* og *o*, følgjer *-o*: *viku* > /vukku/, *mysu* > /mussu/, *furu* > /furru/, *fjaru* > /ffurru/; men: *seno* > /sonno/, *\*skoro* > /skorro/, *boso* > /bosso/ m. v.

Som Hægstad peikar på, gjekk dette systemet ikkje restlaust opp i stodmålet på hans tid, og slik er det i dei andre delane av trøndersk der det altså kan synast å vera tale om restar av eit eldre prinsipp som står att. Jamvel om det då på Hægstads tid kunne sjåast svært tydelege spor etter eit VH-prinsipp, må det også i det tilfellet vera rett å sjå det som eit reliktfenomen. Med dei kryssande tendensar som så tydeleg har gjort seg gjeldande, kan det heller ikkje den gong ha vore tale om noko som «enno liver og verkar» i målet slik Hægstad oppfatta det.

Sett i språkhistorisk samanheng må fenomenet VH i alle fall takast med i rekneskapen om vi skal skjønna ein del spesifikke drag ved dei delar av norsk og nordiske språk der fenomenet har funnest. Vi kan her nytta dei varietetar av trøndersk som vi alt har vore innom, til å freista kasta litt meir lys over dette. Det vanskelege spørsmålet då er kor lenge vi kan rekna med at VH har fungert som fonologisk prinsipp i det aktuelle språkområdet. Har det t.d. vore ulike lokale endringsprosessar, slik at fenomenet i delar av området

faktisk har vore produktivt langt inn i språkhistorisk nytid, slik Hægstad hevdar, eller må vi skjøna dette på andre måtar?

Det er truleg ikkje råd å finna fram til nokon absolutt kronologi i det vi må sjå som ein avviklingsprosess for VH i trøndersk, truleg heller ikkje i dei andre delane av gammalt nordisk språk med dette draget. Men dei spor som står att i fleire trønderske dialektar, særleg variasjonen mellom endingsvokalane /u/ og /o/ i gamle jamvektsord, /furru/, /fjurru/, /vukku/ ~ /sonno/, /skorro/, /bosso/ som vi har sett ovanfor, gir truleg haldepunkt for ein relativ kronologi i den språklege endringsammenhengen det her er tale om. Det vil seia at VH etter alt å dømma har fungert inntil prosessen med (ut)jamning av tostavingsord med kort rotstaving tok til å verka. Denne kan ikkje tidfestast særleg nøye ut frå det kjeldematerialet vi har, men ein gong mot slutten av mellomalderen/byrjinga av eldre nytid må det gå an å tenkja seg. I alle fall må vi gå ut frå vokalharmonisk distribusjon av endingsvokalane /u/ og /o/ for at fullt utjamna former som /vukku/ og /sonno/ skal kunna ha oppstått i ein regressiv fjernassimilasjon som dette må ha vore. Etter at utjamninga då var gjennomført, må både desse gamle tostavingsformene med kort rotstaving og grammatiske endingar elles etter kvart ha vorte leksikaliserte eller grammatikaliserte i sine nye former.

Innom det trønderske målføreområdet er det ei gruppe på tre kulturord som bryt dette mønsteret på ein interessant måte – nemleg /ga:tu/, /ka:ku/ og /va:ru/ som finst i desse formene i dalane i Sør-Trøndelag, Meråker og dei indre delane av Nord-Møre. Desse orda har i dagens mål ikkje utjamna former /guttu/ etc. slik vi skulle venta. Rett nok finst forma /guttu/, men i ei anna tyding enn /ga:tu/ (som = bygate) (jf. Dalen 2008 s. 113, sjå òg Hagland 2008 s. 272). I resten av det trønderske målområdet har eintalsformene her lang vokal og apokope (/ga:t/ og /ka:k/ – sjå t.d. Hægstad 1908 s. 140). Fleirtalsforma /va:ru/ (lydrett frå pl. *varur* utan u-omlyd) blir også nytta i eintal i det meste av målområdet, ser det ut til. Dette ganske kompliserte mønsteret kan forståast som språklege innlån frå bymålet i Nidaros på ulike stadium i ein språkhistorisk endringsprosess. Dei tre orda som her skil seg ut frå det allmenne mønsteret i dialektane, har alle i utgangspunktet rotvokal på /a/, norrønt *gata*, *vara* og *kaka*. I oblik kasus og fleirtal (nominativ og akkusativ) kunne det her tenkjast å ha vore markert u-omlyd av rotvokalen i nokre dialektar, i andre ikkje: *gøtu(r)* ~ *gatu(r)*, *køku(r)* ~ *kaku(r)* og *vøru(r)* ~ *varu(r)*. Jamvel om det, som vi har sett, her altså ikkje er tale om eigentleg VH, så vil det før kvantitetsomlegginga og tiljamning ha vore tale om endingsvokalen /u/ i båe tilfelle og resultatet av jamningsprosessen det same. Når det då i nokre dialektar har vorte /ga:tu/, /ka:ku/ og /va:ru/ kan det vera fordi desse formene utan omlyd har vore innlånte og leksikaliserte før jamningsprosessen tok til og så har fått vokalen lengd i kvantitetsomleggingsprosessen for å tilfredsstilla kravet om lang staving i trykksterk stilling. Om det er slik det har gått for seg, vil det ikkje vera råd å forsvara oppfatninga

som er uttrykt av Hagland (2008 s. 272), om variasjon med omsyn til u-omlyd av /a/ ved ståande /u/ i det trønderske målområdet. Formene med lang vokal og apokope kan sjå ut til å ha komme inn i dei aktuelle dialektane med lang vokal tidleg nok til å ha fått same utvikling av endingsvokalen som i ord med lang rotstaving elles. Det er kanskje noko slik Hægstad (1908 s. 140) ser for seg når han seier at «[i] slike ord (...) hev vel *a* alt vore lengd fyrr tiljamningi fekk verka paa vokalen». Det kan i alle fall tyda på at leksikaliseringa i desse dialektane har skjedd på eit noko seinare steg i endringsprosessen enn dei som ikkje har apokopert endingsvokalen. Men den relative kronologien fenomena imellom er likevel ikkje klår på dette punktet.

Eit anna illustrerande døme på leksikalisering i ulike etapper kan vera det Hægstad set opp i sitt punkt 6, pret. partisipp av sterke verb (sjå ovanfor). Her gjekk han altså ut frå at det var levande VH han såg i stodemålet. Dalen (2008 s. 70) viser likevel til den tradisjonelle dialekten, både i Stod og omkringliggjande bygder der det har vore veksling mellom endinga /-i/ og /-e/ i partisippa. I bygdene Malm, Namdalseid, Beitstad, Kvam, Stod og Egge, seier Dalen, var det /-i/ etter palatal konsonant, men /-e/ etter andre konsonantar. I dag er dette systemet i oppløysing med overgang til /-i/ i alle sterke partisipp (loc. cit.). Hægstad er også, som vi har sett ovanfor, inne på at palatal konsonant synest å overstyra det han oppfattar som levande VH, og gi trykklett /i/ som resultat uavhengig av vokalkvaliteten i den trykksterke stavinga. I så fall er det altså andre assimilasjonsprosessar enn VH det har stått om, og det kan då tyda på at fjernassimilasjon mellom vokal i trykksterk og trykklett stilling allereie var slutta å verka då desse kryssande tendensane tok til å gjera seg gjeldande. Den variasjonen i grammatiske endingar som oppstod på grunn av slike prosessar, synest i alle fall å ha vore ustabile og ha gitt rom for ei rad lokale variasjonar, t.d. i partisippformer av sterke verb (jf. Dalen 2008 s. 70–71). Sluttfasen i den språkhistoriske gangen for det tilfellet vi her har teke fram frå stodemålet og omkringliggjande dialektar, er ei generalisering og grammatikalisering av former på /-i/. Då er tråden tilbake til vokalharmonisk regulering av grammatikalsk ending ikkje berre tynn, men godt og vél broten.

Dei data Hægstad la fram frå stodemålet i 1908, er i alle fall interessante sett frå språkhistorisk synsstad, jamvel om oppfatninga hans om ein stadig levande VH må takast med ein god klype salt. Om vi ser det grammatikalske systemet som indirekte går fram av skissa hans, som eitt av fleire moglege steg i prosessar der endingar etter kvart blir grammatikaliserte og gjorde allmenne, vil det opna for ei forståing av den relativt store variasjonen vi ser den dag i dag av grammatikalske endingar innom dette relativt avgrensa målområdet med opphavleg VH (jf. t.d. Dalen 2008 s. 25–72). Kronologien i alle dei endringar som har ført fram til notidas system, er det likevel stadig vanskeleg å få skikkeleg grep på.

## Litteratur

- Dalen, Arnold, 2008: Trøndermåla frå vår tid og attende til reformasjonen. I: Dalen, Arnold, Jan Ragnar Hagland, Stian Hårstad, Håkan Rydving og Ola Stemshaug, *Trøndersk språkhistorie. Språkforhold i ein region*. Trondheim. (DKNVS Skrifter 2008, nr. 3.) S. 13–249.
- Hagland, Jan Ragnar, 1978: A note on Old Norwegian vowel harmony. *Nordic Journal of Linguistics*, vol. 1, 1978. S. 141–147. (Trykt om att(i) Jahr, Ernst Håkon & Ove Lorentz, *Historisk språkvitenskap/Historical Linguistics* = Studier i norsk språkvitenskap/Studies in Norwegian Historical Linguistics, vol. 5. S. 292–298.)
- 1980: Trøndersk diplomspråk. *Maal og Minne*. S. 102–108.
- 2004: Gammalislandsk og gammalnorsk språk. I: Haugen, Odd Einar (red.), *Handbok i norrøn filologi*. Bergen. S. 375–405.
- 2006: Trøndersk i seinmellomalderen – ein punktstudie. I: Hagland, Jan Ragnar (red.), *Regional språkhistorie. Rapport frå eit seminar i regi av Det kongelige Norske Videnskabers Selskab 14.–15. oktober 2005*. Trondheim. (DKNVS Skrifter 2006. Nr. 1.) S. 80–102.
- 2008: Tida før reformasjonen og bakover. I: Dalen, Arnold, Jan Ragnar Hagland, Stian Hårstad, Håkan Rydving og Ola Stemshaug, *Trøndersk språkhistorie. Språkforhold i ein region*. Trondheim. (DKNVS Skrifter 2008, nr. 3.) S. 251–319.
- Hægstad, Marius, 1908: Vokalharmoni i Stodmaalet. I: *Norvegia. Tidsskrift for det norske Folks Maal og Minder* II. S. 132–141.
- Hødnebo, Finn, 1977: Trykk – vokalharmoni – vokalbalanse. I: Einar G. Pétursson, Jónas Kristjánsson (red.), *Sjötiu ritgerðir helgaðar Jakobi Benediktssyni. 20. júlí 1977. Fyrri hluti*. Reykjavík. S. 375–383.

## Summary

*Jan Ragnar Hagland, On vowel harmony in the history of the Scandinavian languages*

Based mainly on evidence from the Trøndelag region of Norway, the phenomenon of vowel harmony in medieval Central Scandinavian is discussed in a diachronic perspective: what happened to this phenomenon (described in more detail in Hagland 1978) over the course of Scandinavian language history? In parts of the Scandinavian vowel harmony area at least, a system of vowel balance can be observed towards the end of the medieval period. It has been claimed that the two systems were mutually exclusive, but this does not appear to be the case. The process of change should it seems be considered in relation to both vowel balance, the great quantity shift in late medieval Scandinavian, and metaphony, the qualitative assimilation between stressed and unstressed vowels associated with vowel balance. Alleged evidence of vowel harmony still operating in a dialect of Trøndelag as recently as the early 20th century is discussed, taking dialectal developments in the area into account, and models are suggested for the establishment of a relative chronology for the disappearance of vowel harmony in Central Scandinavian.